



PRESSENS
FAGLIGE UTVALG

PFU-SAK NR. 189/15

KLAGER: Rådmannen i Voss kommune
ADRESSE: Postboks 145, 5701 Voss
PUBLIKASJON: Hordaland (papir)
PUBLISERINGSDATO: 21.02.2015
STOFFOMRÅDE: Arbeidsliv
SJANGER: Portrettintervju
SØKERSTIKKORD: Samtidig imøtegåelse
REGISTRERT: 12.06.2015
BEHANDLET I PFU: 21.09.2015
BEHANDLINGSTID: 99 dager
KLAGEGRUPPE: Offentlig ansatt (leder)
PFU-KONKLUSJON:
HENVISNING VVPL.:
OMTALE/ANONYM.:
MERKNADER:

SAMMENDRAG:

Hordaland publiserte **lørdag 21. februar 2015** et portrettintervju med hovedverneombud, Asbjørn Nyberg, i Voss kommune. Stikkittelen var:

«Stadig oftare møter han vaksne kvinner og menn oppløyse i tårer. Kvardagen som tilsett i Voss kommune er blitt tøffare, meiner mannen som har vore hovudverneombud i snart 15 år.»

Tittel:

«- Tøffare jobbklima i kommunen»

Brødteksten startet slik:

«- Ein ny måte å tenkja økonomi på har gjeve ei hardare og tøffara leiing, sier Asbjørn Nyberg.

- Og tøffare leiarstil har gjeve ekstra påkjenningar for arbeidsmiljøet. Resultatet vert stadig fleire tunge og stygge saker for vernetenesta. Og det aukar på med sjukemeldingar. Begge delar svært negative bidrag med tanke på rekruttering, seier mannen som er øvste verneombud for alle Voss kommune sine ca 1200 tilsette.

-Alle, bortsett frå han på toppen. Rådmannen, presiserer han.

HOVUDVERNEOMBODET meiner òg at det rår ein fryktkultur på mange arbeidsplassar i Voss kommune.

- Folk som opplever trakassering på jobben, kvir seg med å ta igjen. Mange bit det vonde i seg (...)

- Er det kollegaer som trakasserer, eller leiarar?

- Trakassering frå kollegaer førekjem, men er ut frå mi røynsle unntaket. Trakassering kjem som regel ovanfrå, og rår særleg folk som på ein eller annan måte er kome i konflikt med leiinga, gjerne fordi dei har sagt ifrå om det eine eller det andre. Som hovudverneombod har eg mange slike saker gåande nett no. Den eine vil truleg enda som retts sak i løpet av våren.

TILSTANDEN I VOSS kommune er ikkje nødvendigvis verre enn i andre kommunar, understrekar Nyberg. Når verneombod frå ulike kommunar er samla, høyrer han stygge historier fra mange hald. Tøffe nedskjeringar og høgare tempo er ikkje spesielt for vår kommune. – Men det spesielle på Voss er at dei stygge historiene i stor grad skriv seg frå helse- og omsorgsavdelinga. Og sett frå min synsstad er det fortvilande at kommunen sitt øvrste leiarskap ikkje tek skikkelig tak i desse problema, trass i stadige innspel og varslingar. Tvert imot verkar det som om ukulturen berre aukar i omfang. [...]»

Deretter intervjues Nyberg om barndom, oppvekst, tidligere arbeid, trening etc. På sluttet av portrettet kommer Nyberg tilbake til det dårlige arbeidsmiljøet.

«- Bra å kjenna at kroppen fungerer, seier Nyberg som opplyser at han framleis trenar minst fire-fem gonger for veka. Kondis og evna til å stå lange løpe er også heilt avgjerande når tunge saker skal drivast fram, og trakasserte og ofte heilt knuste enkeltpersonar skal bringast på fote igjen.

- Kva gjer det med deg sjølv, når du heile tida skal involvera deg i stygge historier frå kvardagen i Voss kommune?

- Det er tøft å heile tida skulle turnere vonde saker på vegne av andre. Samstundes føler eg heile tida at toppleinga i kommunen prøver å overkøyra meg. [...]»

KLAGEN:

Klager er rådmann Einar Hauge i Voss kommune. Han mener det i artikkelen blir fremmet flere alvorlige påstander om kritikkverdige forhold i Voss kommune.

Klager skriver «Det vart hevda at: hovudverneombodet har mange saker gåande som omhandler trakassering frå leiarar, «dei stygge historiene i stor grad skriv seg frå helse og omsorgsavdelinga», «ukulturen berre aukar i omfang», og «føler at toppleinga i kommunen prøver å overkøyra meg». Klager mener avisa skulle gitt kommunen mulighet for samtidig imøtegåelse av disse beskyldningene, og mener dette er brudd på Vær Varsom- plakaten pkt. 4.14.

Klager skriver: «Pressa og ikkje minst ei lokalavisa skal sjølv sagt ha eit skarpt auge på kommunen si rolle som forvaltningsmynde, tenesteprodusent, demokratisk arena og samfunnsutviklar. Det å rette kritiske spørsmål til kommunen er avisa sin rett og plikt. Men

her ligg det og eit ansvar for å belyse alvorlege saker på ein sakleg måte. Mellom anna skal personer, verksemder, offentleg mynde og organisasjonar få høve til å samtidig imøtegå sterke skuldingar. [...]I denne saka fekk ikkje Voss kommune høve til å svare på skuldingane samstundes med at desse sto på trykk.»

Klager er ikke enig i avisa sin vurdering, og mener beskyldningene i all hovedsak er rettet mot ledernivået i Voss kommune. Det vises også til en lederartikkel om saken, som stod på trykk samme dag som portrettintervjuet, der det blant annet sto: «til saman teiknar desse sakene eit dystert bilete av den offentlege forvaltninga i vårt nærrområde».

Det opplyses at klager tok kontakt med redaktøren to dager senere, tirsdag 24.02.15, og lurte på hvorfor ikke kommunen hadde fått mulighet til imøtegåelse. Redaktøren mente da at beskyldningene var sterke, men ikke av en slik karakter at de utløste rett til samtidig imøtegåelse: «Dette fordi det ikkje var retta skuldingar mot namngjevne personar men i staden vart det i intervjuet lufta ei generell og brei problemstilling.»

Videre skriver klager: «Det skal nemnast at undertegna under denne samtalen fekk høve til å sende tilsvar via nettavis og/eller papirutgåve og nytta denne retten i lesarinnlegg laurdag 28.02.15. (Avisa kjem normalt ut 3 gonger pr veke: tysdag, torsdag og laurdag).»

Klager mener at tilbud om tilsvare ikke erstatter retten til samtidig imøtegåelse, og han mener lokalavisa her har aktivt vurdert hvordan man kan unngå å gi kommunen tilbud om å forsvare seg.

Det vises også til PFU-sakene: 151/07 der Folkehelseinstituttet fikk medhold om kravet til samtidig imøtegåelse og 168/13 der Vegdirektøren fikk medhold i 4.14 (se veldlegg).

FORSØK PÅ MINNELIG LØSNING:

Partene har vært i kontakt med sikte på å løse saken i minnelighet, uten at dette har ført fram.

TILSVARSRUNDEN:

Hordaland avviser klagen. Avisen mener beskyldningene ikke utløste kommunens rett til samtidig imøtegåelse, men peker i stedet på tilsvareretten – som også ble benyttet.

Det opplyses at verneombudet representerer 1200 tilsette i kommunen. I portrettet forteller han om jobben sin, og tema er arbeidsmiljøet i Voss kommune.

Avisa er enig i at portrettintervjuet inneholder til dels sterke beskyldninger knytte til arbeidsmiljøet i Voss kommune, og det ble i forkant av publiseringen vurdert om beskyldningene utløste en rett til samtidig imøtegåelse før publisering. Avisa kom imidlertid fram til at beskyldningene ikke er av en slik grad at de utløste den retten, at angrepet er av mer generell karakter:

«Verneombudet fortel om det han meiner er ein rådande fryktkultur på mange arbeidsplassar. Han seier folk som opplever trakassering på jobben kvir seg med å ta igjen,

mellom anna fordi dette kan føra til omplassering eller oppseiing. Han fortel om trakassering ovanfrå, og han nemner spesielt helse- og omsorgsseksjonen.»

Videre «Me vurderte det som viktig å få fram verneombodet si historie, og hans vurderingar. Ikkje minst på bakgrunn av andre saker som har vore oppe den siste tida før dette intervjuet. Sakene har mellom anna handla om nedskjeringar i undervisningssektoren og gjeninnføring av dobbeltrom i kommunale sjukeheimar, og konsekvensane av dette.»

«Ombodet [...] generaliserer – også for å sikra anonymiteten til dei bakanforliggjande kjeldene historiene refererer til.»

Videre er ingen navngitte «Skuldingane er ikkje retta mot konkrete personar. Kommunen er stor i utbreiing, og helse- og omsorgsavdelinga omfattar fire sjukeheimar, omsorgsbustadar og heimeteneste. Kor i helse- og omsorgsseksjonen kjeldene er, er naturleg nok ikkje spesifisert.»

Skuldingane vart av Hordaland vurdert å vera av ein så generell karakter at dei ikkje utløyste krav om samtidig imøtegåelse etter paragraf 4,14 i Vær Varsom-plakaten. Rådmannen vart etter at intervjuet var publisert, tilbydd tilsvar, noko han på vegner av kommuneleiinga nytta seg av.»

Klager mener han har dokumentert at påstandene i avisen i hovedsak er rettet mot administrative ledelse i Voss kommune. «Ut frå delegeringsreglementet i Voss kommune så er det rådmannen som ivaretek arbeidsgjevaransvaret på kommunestyret sine vegner. Eg meiner og at alvorgraden i påstandane vert understreka ved at kommunen behandla dei som ei varslings sak. I og med at påstandane potensielt omfatta rådmannen sjølv valde politisk nivå v/ordfører å tinga ei ekstern undersøking i regi av KS advokatane. Dei la fram ein 50 sidars rapport (vedlagt) den 13. juni og rapporten vart behandla av Voss kommunestyre 23. juni. Kommunestyret tok rapporten til etterretning.»

Hordaland «Me har ikkje ytterlegare kommentarar å koma med i denne saka».